

### Nei til frådelling i Livegen 201

Inger Lie Jørgensen, eigar av gnr. 19 bnr. 10 i Liheia, søker om frådelling av ei bustadtomt på cirka 1.000 m<sup>2</sup> på sørsida av Livegen. Tomta er tenkt å ha direkte adkomstveg frå Livegen og vert knytta til det kommunale vatn og avløpsnettett rett sør for tomte. Søkjar grunngjev søknaden i at hennar foreldre ønskte å frådele 10

da til hennar to systre, da ho overtok eigedomen. Saka kom opp i sist møte i utval for plan, teknikk og næring (PTN). PTN-utvalet seier dei ikkje ynskjer at det blir bygt på nedsida av Livegen, fordi ein ynskjer å ta vare på landskapet som enno er urørt. PTN vedtok samrøystes å avslå søknaden om frådelling av tomt.

### Godkjente Høgefjellplanen

Den store hytteplanen på Høgefjell, Lifjell, var oppe til andregongshandsaming i utval for plan, teknikk og næring (PTN) i sist møte. Det hadde kome inn 16 merknader til planen. PTN-utvalet vedtok seks endringar som vilkår for å godkjenne planen, blant anna endring i ny vegtrasé opp frå Nutestul som følgje av funn ved biologisk mangfaldregistrering og endring av trasé for ei av skiløypene. Det blei også gjort ni endringar i føresegnene.



Foto: Øystein Akselberg, Bø blad

# kommunehuset

kommunane med oppgåvefordelingsmeldinga som kom i vår. Men då oppgåvefordelingsutvalet la fram si innstilling var det lite å hente. Tannhelse, motorferdsle og vigslingsrett er viktig, men er ikkje dei store lokale demokratireformene.

#### Fylkeskommunen

Det regionale nivået, det vil seie fylkeskommunen, skal under lupa parallelt med kommunane. Men det ser ikkje ut til at det har skjedd mykje på det nivået. Det er ikkje sagt noko om omfordeling av oppgåver mellom dei tre nivåa. Etter at sjukehusa forsvann frå fylkeskommunen er dei vidaregåande skulane og vegar dei største oppgåvene fylkeskommunen har att. Det som har endra seg er at kommunane har fått fleire oppgåver med samhandlingsreforma innan hel-

se, som kommunane blant anna løyser via samarbeid. Skal kommunane overta dei vidaregåande skulane, er ikkje Midt-Telemark stort nok.

#### Det vellykka eksempelet

SAS-kommunane blir trekte fram som det vellykka eksempelet. Sandefjord, Andebu og Stokke har alt vedteke å slå seg saman, formelt sett skjer det frå 1. januar 2017.

Dei tre kommunane har laga ei kort intensjonsavtale som blir anbefalt som ramme for andre. Den inneheld ingen av dei vanskelege tinga.

Stokkerådmann Lars Joakim Tveit tilrår at ein berre tek med det som må til for å slå seg saman, det er ikkje mykje (sjå fakta). Tveit opplyser at kommunesenteret har utpeika seg sjølv sidan Sandefjord er så mykje større enn dei to

andre. Men kommunehusa i dei andre kommunane skal ikkje stå mørke. Dei skal fyllast med andre kommunale etatar.

Kva som skal kvar skal fellesnemnda, det oppnemnde "interim-kommunestyret" eller overgangskommunestyret, fordele.

Det høyrtest ei stund ut som om tanken var å gjere det same i Midt-Telemark. Men Kasland lovar at både kommunehuset og andre etatar kjem på bordet i Vrålal.

fakta

## Kommunereforma

- Intensjonsavtala er den avtala som seier korleis dei tre kommunane skal slå seg saman.
- Intensjonsavtala skal opp i kommunestyret to gonger. I mellom dei to behandlingane skal innbyggjarane høyrast.
- Forhandlingsutvalet er ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar i kvar av dei tre kommunane. Tillitsvalde er observatørar i utvalet.

### Kva skjer når

- 15.-16. desember 2015: møte i Vrålal for forhandlingsutval, resten av formannskapet pluss politikarar som ikkje er representert i formannskapet, inntil 10 per kommune.
- Eit til to møte i forhandlingsutvalet
- 28. januar 2016 kl. 18.00: kommunestyremøte i dei tre kommunane. Der vedtek kommunestyret om det skal sende avtala ut på høyring.
- Høyring av innbyggjarane. Om det blir folkeavrøysting skal vedtakast av kommunestyret før jul. Ei folkeavstemming er rådgjevannde, ikkje bindande.
- 28. april 2016 kl. 18.00: kommunestyremøte i dei tre kommunane behandlar intensjonsavtala og seier ja eller nei.
- Tidsfristen regjeringa har sett er 30. juni 2016.

### Fem krav til ny kommune

- 1) Namn
- 2) Tal på medlemmar i kommunestyret
- 3) Kriterium for samansetning og funksjon til fellesnemnd (overgangskommunestyre).
- 4) Val av revisor
- 5) Eventuelle andre fellesorgan som trengst for å gjennomføre samanslåinga

### Schei-komiteen

Av og til blir det vist til Scheikomiteen, som foreslo samanslåingane som vart vedteke i 1967. Då vart talet på kommunar redusert frå 744 til 454 og bråk vart det. I somme kommunar er det framleis eit sårt punkt.

Arbeidet til Schei-komiteen starta alt i 1946. I 1951 gav komiteen innstilling til prinsipielle retningslinjer for forslaga til ny kommuneinndeling. Siste innstilling frå komiteen kom i 1962.

Den gongen var prosessen frivillig, på omtrent ein stortingsperiode. Scheikomiteen hadde fleire retningslinjer for arbeidet sitt, blant anna at kommunane måtte ha stort nok folketal til å ha eit tidsmessig tenesteapparat og kunne utvikle eit sentrum. Men dei skulle også rasjonalisere skuleverket og danne grunnlag for ei vellykka utbygging av den niårige skulen.

(Kjelde: regjeringa.no)